

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Svar på høyringsutkast for endring av rammeplan for førskulelærerutdanning

Viser til høyringsutkast for endring av rammeplan for førskulelærerutdanning med høyringsfrist 8.01.2010.

Høgskulen i Sogn i Fjordane støttar departementet sitt framlegg til ordlyd i § 7 med følgjande tillegg:

Det kan gis fritak frå prøve i en av målformene i norsk for studenter som ikkje har vurdering i begge norske målformer frå videregående opplæring. Det same gjelder for utenlandske studenter som ikkje har videregående opplæring frå Norge, og for studenter med dokumentert dysleksi. Fritaket føres på vitnemålet.*

*Dysleksi/ spesifikke lese- og skrivevanskar er synonyme omgrep på norsk

Grunngjeving for forslaget:

- Mange dyslektikarar har *ikkje* hatt fritak frå eit av målføra på vidaregåande skule.
- Dyslektikarar har vanskar med dei mest sentrale arbeidsreiskapane i studiarbeidet: lesing og skrivning. Vanskane deira vert gjort unødige store ved at dei skal meistre rettskriving i begge målføra.
- Arbeidsmengda i høgre studiar er vesentleg større enn på vidaregåande skule. Arbeidsmengda er vidare tilpassa studentar utan lese- og skrivevanskar, og for den som har slike vanskar er det største problemet tidspress. Ein brukar mykje lenger tid både på lesearbeid og skrivearbeid.
- Det har ingen praktiske konsekvensar for arbeidet i barnehage om ein berre meistrar eit av målføra i norsk, slik argumentasjonen i høyringsutkastet gjer greie for når det gjeld dei som ein vil gje fritak

Med helsing

Rasmus Stokke
Dekan

Aud Marie Stundal
Studieleiar førskulelærerutdanninga